

Notat

Dato: 09.12.2019

Saksnr: 2019/176-1

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017 - Frå folkefest til økonomisk bakrus

I 2014 blei Bergen tildelt Sykkel-VM for 2017. Sykkel-VM reknast for å vere eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommeridrettsarrangementet som Norge kan vere vertskap for.

For forskingsmiljøet på NTNU var dette ein unik moglegheit for å få innsikt i dei ulike verknadane som eit stort internasjonalt meisterskap har for aktørane som direkte eller indirekte er involvert i arrangementet. Forskinga set fokus på tre tema ved arrangementet:

- lokalbefolkinga sine haldningar
- arrangørrekeskapet
- faktorar som påverka omfanget og fordelinga av kostnader som andre aktører enn arrangøren måtte dekke.

Rapporten presenterer resultatata frå prosjektet. Data er basert på tre spørjeundersøkingar blant folk i Bergen og omegns-kommunane, samt personlege intervju med 50 personar som på ulikt vis har vore sentrale i arrangementet. Desse representerer arrangørorganisasjonen Bergen 2017 AS, Norges Cycleforbund, kommunane Bergen, Askøy, Øygarden og Fjell, fylkeskommunen, Politiet, Helse Bergen, Statens vegvesen og private aktørar som har stått for ulike leveransar til arrangøren.

Rapporten ligg ved.